

ÅRSMELDING 2017

FOR

MIDSUND

SOKNERÅD / FELLESRÅD



1. PLANOMRÅDE

Kyrkja har følgjande fire områder:

- 1.1 Kyrkjeadministrasjon
- 1.2 Kyrkja
- 1.3 Gravplassar
- 1.4 Andre kyrkjelege formål
- 1.5 Trusopplæring 0 – 18 år

2. MÅL FOR VERKSEMDA

Oppfylle intensjonane i lovverka som gjeld for soknerådet si verksemd, med den status som Midsund sokn har i følge kyrkjelova.

§1 seier følgjande om formålet med kyrkjelova:

Å legge tilhøva til rette for eit aktivt engasjement og ei stadig fornying i den evangelisk lutherske folkekyrkja i Noreg.

Midsund Sokneråd har funksjon som sokneråd med ansvar og oppgåver i kyrkjelyden jf. §9 i kyrkjelova, og som fellesråd med administrative og økonomiske oppgåver jf. §14.

I soknerådet 2015 – 2019 sit:

Medlemar:

Daniel Sjøvik
Kristi Jensen
Ståle Stølen
Yendami Petit Sjøvik
Liv Johanne Opstad
Kåre Terje Bjørnerem

Vara til soknerådet:

Ann Elin Nygård Myhre
Nils Stian Rakvåg
Reidar Heggdal
Asbjørn Malvin Ræstad
Oddlaug Jorunn Røsvik Misund

Biskopens representant:

Sokneprest Stein Barlaup (til han slutta i byrjinga av august)

Kristian Finn Risung, sokneprest i Aukra

Frå august 2017 fungerte Kristian Finn Risung som biskopens representant fram til Harald Kjell Sunde tok på seg å vere sokneprest for Midsund sokn.

Kommunens representant:

Nora Helene Dyrseth Blø

Vara:

Adrian Sørli

Soknerådet si oppgave er uttrykt slik:

Soknerådet skal ha si verksemd vendt mot alt som kan gjerast for å vekke og nøre det kristne livet i kyrkjelyden, særleg at Guds Ord kan verte rikeleg forkynt, og at sakramenta vert gjeve til sjuke og døyande. Få barn og unge samla om gode formål, døypte vert gjevne dåpsopplæring. Hjelp vert gjeve der det er åndeleg og lekamleg naud.

KORT OMTALE AV VERKSEMDA

- Sakshandsaming for soknerådet
- Tilsyn med, drift og vedlikehald av kyrkje, kapell og gravplassar
- Forordna kyrkjelege handlingar
- Diakonalt arbeid i kyrkjelyden
- Dåpsopplæring, konfirmantundervisning, trusopplæring, medarbeidarfostring
- Kyrkjekonsertar, kyrkjebladet og anna kyrkjelydsarbeid



3. ØKONOMI

3.1 RESSURSBRUK

Tala er gjeve i heile 1000 kr	Rekneskap				Budsjett			
Samla resultat								
	2014	2015	2016	2017	2015	2016	2017	2018
Driftsutgifter	2 208	2 091	2 384	2 547	2 230	2 364	2 457	2 707
Driftsinntekter	2 366	2 170	2 314	2 226	2 034	2 288	2 225	2 707
Netto utgift/inntekt	158	80	- 70	- 320	-195	- 75	-232	
Finansutgifter	86	2	2		2	2	2	
Finansinntekter	5	70	79		197	77	233	
Netto utgift/inntekt	- 81	0	75		195	75	232	

3.2 KOMMENTAR TIL RESSURSBRUK

Midsund Sokneråd hadde eit samla underskot på kr 79 821,27 for 2017. Inntektene som soknerådet har utanom tilskotet frå kommunen, er utleige av kyrkja (kr 7 200), preludeing (kr 7 500), festeavgift (kr 30 200), graving av grav for utanbygdsbuande (kr 0), takkoffer til eiga arbeid (kr 38 311,00) og andre gåver (kr 39 775) kom inn på gjevartenesta.

Dei statlege trosopplæringsmidlane var på kr 195 000. Utgiftene til konfirmantarbeidet var på kr 38 301,50 i 2017, dette er utgifter ved Bjørnsundleiren-leiren, forutan innkjøp av nytt konfirmantopplegg og mat.

Utgifter til innkjøp av 4-års bøker, 6-års bøker, barnesalmebøker og biblar til utdeling kom på kr 11 111,11.

		3.3 OVERFØRINGAR FRÅ MIDSUND KOMMUNE OG STATEN				
	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Kommunen	1 410 000	1 456 000	1 644 600	1 650 000	1 690 000	1 730 000
Staten	0		141 000	199 414	140 304	195 000
		3.4 SOKNERÅDET SINE TOTALE MIDLAR PLASSERT PÅ DISPONIBLE OG BUNDNE FOND PR 31.12.:				
	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Bundne driftsfond	10 76,50	10 776,50	33 928,50	33 928,64	155 556,84	155 156,84
Ubundne driftsfond	638 549,63	540 726,16	641 501,20	725 816	536 103,71	297 103,71

3.5 KONKLUSJON FOR REKNESKAPEN 2017

For 2017 vart det eit underskot på kr 318 821,27 for bruk av fond. Bruk av ubundne fond var budsjettert med kr 239 000 til reparasjon av pipeorgelet i Otroy kyrkje. Etter budsjettert fondsbruk vart det eit underskot på kr 79 821,27. Dette skuldast utgifter til arbeid på det elektriske anlegget i Otroy kyrkje og Nord-Heggdal kapell etter eltilsyn av kyrkjeja og kapellet. Det var ikkje budsjettert for utgifter til elanlegga, utgiftene kom på kr 93 146. Midsund Sokneråd sendte inn søknad til kommunen om å få dekt desse uforutsette utgiftene etter at eltilsynet sine pålegg var utbetra. Soknerådet har ikkje fått svar frå kommunen, sjølv om kyrkjevevja har etterlyst dette.



4. GJENNOMFØRT I 2017

4.1 VEDTAK GJORT I SOKNERÅDET/FELLESRÅDET

Det vart halde 6 sokneråds/fellesrådsmøte der 44 saker vart behandla

- Salmekveld 26. mars
- Tilsetting av trusopplærar
- Fritak for administrativ tilsett ved likekjønna vigsel
- Rullering av takkofferplanen
- Prestestilling i Midsund – utlysingstekst
- Utbetring av el-anlegg i Otroy kyrkje
- Oppretting av fellesnemnd Midsund, Molde, Neset. Samanslåing av fellesråda
- Val av to medlemar med vara til fellesnemnda
- Høyringsuttale til ny lov om tros- og livssynssamfunn

4.2 KYRKJELEG ÅRSSTATISTIKK

	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Døpte heimehøyrande i Midsund	14	20	20	16	13	9
Dåp i Midsund sokn	17	25	21	20	18	13
Konfirmerte	32	23	25	27	18	22
Vigslar i Midsund sokn	2	1	2	5	2	5
Kyrkjeleg vigde, busett i Midsund	2	0	2		2	3
Gravferder	13	19	25	20	21	15
Gudstenester i alt	59	57	54	56	55	52
Samla tal deltakarar	3863	3625	3668	3678	3345	3170
Av desse:						
hovudgudsteneste på søn- og helgedagar	47	47	44	46	47	45
familiegudstenester/ungdomsgudstenester	12	7	7	12	8	6
gudsteneste med nattverd	36	40	34	35	34	32
nattverdsgjestar	694	768	701	790	682	653
Tal gudstenester fordelt mellom gudstenestestadane:						
Otroy kyrkje	44	41	38	39	38	35
- skulegudstenester	2	2	2	2	3	2
- barnehagegudstenester	4	2	1	1	1	0
Nord-Heggdal kapell	10	10	8	9	9	9
Søre-Midøy kapell	4	4	4	4	4	4
Aldersheimen	3	3	3	3	3	3
Friluftsgudstenester	1	1	1	1	1	1

Takkoffer, innsamlingar og gåver	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Offer/kollekter til andre	101 405	71 265	93 663	72 260	69 725,50	72 222	74 470	73 546
- til eiga verksemd	39 235	34 357	39 858	28 880	34 972,50	39 573	34 354	38 311
Fasteaksjon	32 077	26 563	26 768	26 466,50	30 064,00	31 150	27 745,50	29 280
Gåveinntekt./gjevarten.	38 000	22 180	9 500	22 950	40 140,00	34 230	34 500	39 775

4.3 ADMINISTRASJON OG PERSONAL

Stillingar:	Kyrkjeverje	Svanaug Lervik	65 %
	Kyrkjetenarar	Per Steinar Aasheim	10 %
	Kyrkjetenar	Kristi Jensen	20 %
	Kantor	David John Williamson	60 %
	Klokkar	Perdy Raknes	12 %
	Trusopplærar	Evy Marie Tofte	30 %

Arrangement i kyrkjelyden i 2017

Følgjande arrangement vart gjennomført:

- Årsmøte vart halde i Otrøy kyrkje etter gudstenesta den 25. mai, der 20 møtte. Møtet var leia av Daniel Sjøvik, leiar i soknerådet. Årsmeldinga vart gjennomgått og det vart gjeve høve til kommentarar. Dersom årsmøtet vert litt ut på året er det ønskje om å ta med kva som har skjedd fram til årsmøtet i eiga vedlegg.
- Medarbeidarfest vart halde på feitetysdag den 28.02.17
- Salmekveld og salmekafé
- Konfirmantfesten vart halde 11. september
- Møteveka var i 2017 ved Normisjon
- Adventskonsert
- Julespel



4.4. KYRKJEBYGGA

Otrøy kyrkje

- Full renovering av pipeorgelet i Otrøy kyrkje i august og september 2017 ved Ludger Wiemers frå Tyskland. Han hadde med seg 3 medarbeidarar og heldt på i ein måned.
- Gruppa som skal sjå på moglege endringar i kyrkja hadde fleire møte. Vi hadde også hjelp av Cathrine Lillo-Stenberg og Elisabeth Andersen frå KA. Før noko avgjerd om endring vert tatt, ventar ein til ny prest er tilsett.

4.5 KYRKJEGARDANE

Otrøy kyrkjegard

Felt H har svært tett jordsmonn og i juni vart det «lufta» ved å bore hol på ca 25 cm på fleire stader i feltet og deretter strødd elvesand på heile feltet. Dette vart gjort i to omgangar.

Sommaren 2016 felte Rotary tre og sette opp nye gjerde rundt Otrøy kyrkjegard. Dei gjorde ein strålende jobb på dugnad og soknerådet er svært takksam for hjelpa. No er det berre å få på plass elektrisiteten for å halde rådyra og hjorten vekk frå gravplassen.

4.6 KYRKJELYDSARBEIDET/DET FRIVILLIGE ARBEIDET

Midsund Sokneråd vil nytte høvet til å takke og gje honnør til alle leiarar og medhjelparar i barne- og ungdomsarbeidet og alle dei som sit i dei ymse utvala. Dei gjer eit viktig frivillig arbeid i kyrkjelyden. Fleire har brukt mange år av sitt liv i dette arbeidet, noko det verkeleg står respekt av. Soknerådet vil også takke alle som stiller opp som kyrkjevertar, kakebakarar og til kjøkkentene.

Babysong

I 2017 starta Anita Ræstad og David Williamson opp med babysong på bedehuset. Dei hadde 12 samlingar med til saman 8 born.

Gospel Kidz

Gospel Kidz hadde nokre øvingar i 2017, men fordi det var få born som møtte, vart koret lagt ned. Soknerådet håper at det på nytt kan bli interesse for å vere med i barnekor og at vi kan få i gang Gospel Kidz igjen.

Søndagsskulane.

Det vart drive berre ein søndagsskule i Midsund sokn i 2017. Dette var Solstrålen søndagsskule. Midøy søndagsskule har ikkje kome i gang att etter at dei tok pause våren 2017. Borna er opptatt med handball og fotball, og det er vanskeleg for andre aktivitetar å finne tider der borna og foreldra har tid.

Undretur i kyrkja og utdeling av Mi kyrkjebok til 4-åringane

Måndagen før gudstenesta med utdeling av kyrkjeboka til 4-åringane møtte 9 born til undretur, slik at dei skulle bli betre kjent i kyrkja før dei skulle på gudstenesta og få utdelt Mi kyrkjebok.

I 2017 var det 18 av 21 som kom i Otrøy kyrkje og fekk boka Mi kyrkjebok 4 år.

Utdeling av 6-års bok og Førsteklasses

I 2017 var det 11 av 14 6-åringar som fekk boka Mi kyrkjebok-6 år i kyrkja. Etter gudstenesta var det kyrkjepiknik på kyrkjetrappa, der det vart servert pølser og kaker. Etter pikniken var det tid for Førsteklasses der 6-åringane lager ei avstøyping av handa si for å hugse at dei skal hjelpe til – ei diakonal opplæring.

Utdeling av barnesalmeboka til 3. klassingane

I 2017 vart 22 born invitert til å få barnesalmebok. Av desse kom 6 til kyrkja og tok imot barnesalmeboka. Dei som ikkje hadde høve til å kome i kyrkja, fekk utdelt boka då Evy Marie Tofte, vår nye trusopplærar, var på skulebesøk veka etter utdelinga. Dei hadde også ein salmekveld på Betania bedehus der 8 born møtte.

Utdeling av biblar til 5. klassingane

I 2017 var det 18 som fekk utdelt bibel. Etter gudstenesta var det piknik på kyrkjetrappa der soknerådet serverte pølser, saft og kaffi.

Skaparverket

Nytt i 2017 er eit opplegg for 5-åringane der dei i år var på Sandan der borna fekk ei oppleving av naturen som Guds skaparverk. Det var 9 born som møtte opp.

Tårnagentar

I 2017 vart det arrangert tårnagentsamling for 2. klassingar. 12 born frå 2. klasse deltok. Då dei kom til familiegudstenesta, fekk dei utdelt sine «agentbevis». Etter gudstenesta og kyrkjekaffien hadde dei «agenttrening» i grupper og løyste ulike oppgåver. Dei trena på å bruke sansane og å huske. Oppgåvene gjorde barna betre kjende med kyrkjerommet og utstyr som finnest der. Ved å løyse ei rebusoppgåve fann dei att «kyrkjeskattar» som hadde forsvunne. Opplegget varte til kl. 14.30.

Minikonfirmantane.

Minikonfirmantane er eit opplegg for 5. klassingane. Minikonfirmantopplegget i 2017 hadde 2 samlingar, ei av dei i kyrkja. Samlinga i kyrkja kalla vi Kyrkjeutforskarkveld, der ungane vart delt opp i grupper og fekk utforske alter og alterring, skipet som heng i kyrkja, bileta på galleriet, orgelet, tårnet og sakristiet. Det var fellessamlingar i våpenhuset, ved døypefonten, preikestolen og bautaen. Den andre samlinga skulle vere ved Holsvatnet, men på grunn av storm vart det ikkje samling der i 2017. Laurdag var det opplegg på Midøyskulen og ei andaktsstund i Søre-Midøy kapell på kvelden. Minikonfirmantopplegget vart avslutta med familiegudstenesta i Nord-Heggdal på søndagen, der møtte 12 av minikonfirmantane.. Til saman var det 18 barn som deltok i samlingane i 2017.

Fredagskafé

Opplegget starta som Tweens, men vart sidan til Fredagskafé. Det er 12 – 16 ungdomar frå 11 år og oppover som møtast på Betania bedehus ein gong i månaden. Leiarar er Inger Marie Sjøvik, Yendami Petit Sjøvik, Mariann Misund-Aasmyr og Theresa Oyo Adok.

Konfirmantane.

Presten hadde timar med konfirmantane i kyrkja, på skulen (etter skuletid) og på bedehuset. Konfirmantane deltek i minst åtte gudstenester i løpet av konfirmanttida, i fire eller fem av desse som samla kull. Konfirmantane har tre gruppemøte. Gruppene møtest i heimane, anten hos gruppeleiar eller hos konfirmantane. Det vart ei konfirmantsamling ute i det fri 2017 for 2016/2017 kullet, dei hadde ein tur opp mot Midsundvatnet med arbeidsoppgåver undervegs. I 2017 var det 22 som konfirmerte seg, 11 jenter og 11 gutar. På hausten 2017 starta eit nytt kull på 30 ungdomar, 16 jenter og 14 gutar.

Konfirmantane deltek i enkelte gudstenester gjennom året som ministrantar, oftast to eller tre ilag. Under fasteaksjonen stiller konfirmantane opp som bøssebærarar. Rett etter oppstart av konfirmanttida er det leir på Bjørnsund saman med konfirmantane frå Aukra og Sandøy. Kvart år er det konfirmantcup på Gossen, då møter Aukra-, Sandøy- og Midsundkonfirmantane kvarandre til dyst i handball, fotball og volleyball. Etterpå er det ungdomsgudsteneste med nattverd og bønnevandring.



Konfirmantane 2017

I 2017 var det ikkje KRIK-leir til Bø for Midsund-konfirmantane, sidan vi tar med 2 kull og dei som vart konfirmert i 2017 var på konfAction i Bø i 2016..

Ving

er eit tilbod til unge i alderen 8 – 13 år. Dei samlast på bedehuset anna kvar onsdag, der dei har forskjellige aktivitetar. Marie Tholvsen Nygård og Kari Bjørnerem er leiarar for Ving. Dei hadde 7 samlingar i kvart semester. Det var 12 unge som samlast i 2017.

Speidarane

I 2017 var det 41 speidarar i Midsund i vårsemesteret og 42 i haustsemesteret. Dei er oppdelt i tre nivå, Oppdagarar (7-8 år), Stifinnarar (9-10 år), Blå vandrarar (11-12 år) og Grøne vandrarar (Frå 13). Dei har fokus på etisk engasjement – korleis hjelpe andre. Dei fleste av samlingane føregår i friluft. Dei lærer gjennom formingsarbeid, leik og dugleikstrening. Kvart år er dei med i ei gudsteneste anten i Otrøy kyrkje eller i Nord-Heggdal kapell der dei deltek med dramatisering av preika, former og les bøner. I 2017 vart det ikkje gudsteneste med speidarane.

KRIK (Kristen Idrettskontakt)-gruppe

På hausten 2016 starta det opp ei KRIK-gruppe i Midsund. Dette er eit opplegg for 8., 9. og 10. klassingar. Dei møtast på Midøy skule annakvar tysdag. Leiarar er Arild Aasmyr og Morten Søvde.

Diakonale tiltak

Presten og organisten har halde 16 andaktar på Midsund Omsorgssenter i 2017. Forutan andaktane var det 3 gudstenester på Midsund omsorgssenter.

Kyrkjebladet

I Midsundredaksjonen sat Perdy Raknes, Elin Krogsæter og Olav Sjøvik. Elin Krogsæter gjekk ut av redaksjonen då familien flytta til Molde. Maceane Marques Nygård, Anita og Asbjørn Ræstad vart med i redaksjonen frå august 2017. Midsund har ansvaret for 3. kvart nummer. Midsund Sokneråd er styre for Kyrkjebladet ut 2017.

Utval

Trosopplæringsutvalet

Trosopplæringsutvalet for 2016 – 2019:

Yendami Sjøvik, Hilde Hole, Inger Marie Sjøvik og Camilla Søvde. Det var ingen i det gamle utvalet som ønskte å fortsette. Utvalet hadde eit konstituerande møte der sokneprest Stein Barlaup vart valt til leiar og Yendami Petit Sjøvik vart valt til sekretær med ansvar for å kalle inn utvalet. Trosopplæringsutvalet har sitt ansvarsområde for kyrkjelyden sitt arbeid blant barn og unge frå 0 til og med 17 år.

Diakoniutvalet

I diakoniutvalet for perioden 2016 – 2019 sit:

Kåre Bjørnerem, Ann Elin Nygård Myhre, Nils Stian Rakvåg og Oddlaug Røsvik Misund. Kåre Bjørnerem er leiar for utvalet.

Gudstenesteutvalet

I gudstenesteutvalet for perioden 2016 – 2019 sit:

Ståle Stølen, Kristi Jensen, Reidar Heggdal, Kjellaug Orvik og Daniel Sjøvik.

Soknepresten og kantoren er med i utvalet i kraft av sine stillingar. Soknepresten leiar utvalet.

Oualia misjonsutval

I misjonsutvalet for perioden 2016 – 2019 sit:

Liv Johanne Opstad, Perdy Raknes, Aud Reidun Aasheim og Asbjørn Ræstad.

Utvalet har hatt fokus på misjon i kyrkjelyden, og kyrkjelyden sitt internasjonale engasjement. Ny misjonsavtale med Normisjon vart markert i gudstensta den 30 april. Kyrkjelyden vil vere med å gi evangeliet til malinkéane i Mali og Senegal, gjennom forbøn og økonomisk stønad. Innsamlingsprosjektet er tildelt fire årlege takkoffer, og går til nybrottsarbeidet i Aust Senegal ved familiane Moskvil og Amlie. Forbøna omfattar også våre kristne søsken i Oualia, og bibelskulen i Bafoulabé. Utvalet har arbeidd med å synleggjere avtalen, gjere den kjent i kyrkjelyden og formidle nytt. Misjonsveka i okt/nov vart også arrangert i samarbeid med Normisjon.

Team Action

Sidan det ikkje var konfAction-tur til Bø i 2017 hadde utvalet ingen møter dette året.

Soknerådet sitt medlem i bedehusstyret: Yendami Petit Sjøvik.

Bibelkontakt: Ståle Stølen.

Kirkens SOS-kontakt: Aud Reidun Aasheim.

Kirkens Nødhjelp kontakt: Kari og Kåre Bjørnerem.

Å vere kyrkje.

Det lyser frå eit bål
det varmar frå ein eld,
nokon har nørt opp.
Vil dele lys og varme
så slitne, frosne og utstøytte
kan kjenne fellesskap,
få livsmot og næring
på vandrainga.

LJO febr 2018



